From:	Audun Erik Gisle Sunde
To:	HSSE Projects; Regulatory
Cc:	"postmottak@oed.dep.no"; Sølve Dag Sondbø
Subject:	Fråsegn til høyring av KU-program for utbygging og drift av NOA Fulla
Date:	mandag 3. januar 2022 15:45:20
Attachments:	image001.png

Hei og godt nytt år!

Grunna innfasing av nytt sakshandsamingssystem, så sender vi denne gongen fråsegn som rein e-post. Vi arkiverer e-posten som del av saka i etterkant..

Vestland fylkeskommune viser til høyring av KU-program for utbygging og drift av NOA Fulla. Vi vil konsentrere fråsegna rundt kraftsituasjonen. Vestland fylke har store ambisjonar i høve grøne arbeidsplassar på land. Føreseieleg og rein kraft til konkurransedyktige prisar er ein viktig premiss for å få dette til. 2021 har vist at også kraftsituasjonen i Noreg kan kome under press. Utvekslingskapasiteten har auka, samstundes som kraftproduksjonen i nabolanda blir relativt meir veravhengig og ustabil, grunna endra forhold mellom sol- og vindkraft og stabil og regulerbar kraft, m.a. som følgje av utfasing av kjernekraft. Ein fersk analyse av kraftsituasjonen i Vestland finn de på https://www.vestlandfylke.no/globalassets/innovasjon-og-naringsutvikling/gron-region-vestland/gron-region_rapport-om-kraftsituasjonen-i-vestland.pdf.

Utbygginga av Krafla og NOA Fulla fordrar ein kapasitet på opp mot 150 MW. Dette er relativt mykje, og noko som truleg kan skape stressituasjonar for anna verksemd på land. Vi vil difor oppmode om at operatørskapen utvidar KU-programmet til å omfatte følgjande problemstillingar:

1. Kva moglegheiter finnest for å kople ut kraftbruken på dei planlagde installasjonane om kraftsituasjonen på land vert pressa? Kva føresetnader ligg til grunn for at dette kan realiserast?
2. Fleire parti peikar på havvind som eit svært aktuelt utviklingsområde for Noreg. I Hurdalsplattforma står det at «Elektrifiseringen av sokkelen skal i størst mulig grad skje med havvind eller annen fornybar strøm produsert på sokkelen.» Nokre hevdar at havvind ligg langt fram i tid. På den andre sida ser vi at Hywind Tampen no vert realisert og sluttført i løpet av året. Vidare ser vi stor optimisme, også i det korte bildet, i høve flyttbare løysingar frå t.d. Odfjell Oceanwind. Kva moglegheiter finnest for å realisere utbygging av Krafla og NOA Fulla med kraft frå havvind i staden for kraft frå land? Kva fordrar dette i tilfelle i form av rammevilkår, tilrettelegging mm?

Med helsing
Audun Erik Sunde
Seniorrådgjevar
Tlf 916 45 874

Avdeling for innovasjon og næringsutvikling
Seksjon for grøn vekst, klima og energi

Vestland fylkeskommune
www.vlfk.no